

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/22	Formannskapet	PS	03.02.2022
007/22	Kommunestyret	PS	17.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	Gbnr-132/4	21/165

Tilskot vassleidning - Utkilen

Vedlegg

Søknad om tilskot til vassleidning i Utkilen - gbnr 132/20

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

Formannskapet - 010/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Den aktuelle vassleidningen har ikkje tilfredsstillande kapasitet til at kommunen kan overta denne innanfor investeringsbudsjettet (jamfør VA-norma). Det er ikkje driftsmidlar tilgjengeleg til å overta vassleidningen utan at det er investering.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

Kommunestyret - 007/22 - 17.02.2022

KS - behandling:

Gro Kaland (Sp) spurte om dette er sams med praksis tidlegare. Her svarta einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel at det er VA-normen som gjeld, med krav om minst 100 mm leidning. For Utkilen er det varsla at dei vil søka på nytt om overtaking, og då med dispensasjon frå kravet om 100 millimeter leidning. Elles er det slik at dette kravet er noko røyrleggjarar skal kjenna til. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er gitt dårlege råd til dei som har bygd ut her, hadde det vore 100 millimeter leidning burde kommunen overtatt den.

Reidar Øksnes (Sp) viste til at dersom ein overtek leidningar med for liten kapasitet, så kan kommunen pådra seg krav til utbetring, og det kan bli vanskar med å krevja tilknytingsavgift og vassavgift om ein ikkje kan levera nok vatn.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må først i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Søknad frå bebuarar på Utkilen på tilskot til privat fellesanlegg fram til kommunalt vassverk. Søknaden gjeld ikkje overtaking av vassleidningen,

Bustader og hytter i Utkilneset er tilknytt offentleg vann via en privat vassleidning som går gjennom Kilstraumen. Gjennom årene har vassleidningen en rekke gangar gått lekk som følge av slitasje den sterke straumen påfører leidningen. Reparasjonar og utskiftingar har kostet bebuarane betydelege summer. Traseen, gjennom Kilstraumen, var en midlertidig løysning i påvente av et nytt offentleg tilknytingspunkt nærmare Utkilneset.

Nå er den kommunale infrastrukturen utbetre, og alternative trassere for ny vasstilførsel funne. Kommunen ønsker at vasstilførselen går over land. Bebuarane har i dialog med kommunens VA avdeling funne en alternativ trasse. Den går over Reidunn Fagerdal sin grunn (Gnr. 132/4) og vidare over Randi Utkilens tomt (Gnr 132/6). Fagerdal og Utkilen har begge gitt sin aksept. Vassleidningen er prosjekterer for ein kapasitet til nåverande og framtidige eigendomar på Utkilneset og omkringliggende tomter og hus.

Vurdering

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskott til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift.

Austrheim sin VA norm seier:

5.4 Minstedimensjon

Minste dimensjon for offentlig leidning er normalt 100 mm, dersom det ikkje er krav til brannvatn. Minste dimensjon for offentlig leidning ved krav til brannvatn er normalt 150 mm.

Søknaden oppfyller ikkje krav i VA normen for overtaking til offentleg leidning utan dispensasjon.

Økonomi

Det er ikkje avsett midlar til tilskott i drift på VA i 2022.

Konklusjon

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskott til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.